



Helseplattforma Status veke 18

Infoskriv til tilsette i Vanylven kommune



Innhald

- 01 Overordna status
- 02 Erfaringar så langt
- 03 Plan vidare
- 04 Folka i spissen: Ordførar



Overordna status

Helseplattformen vart innført i heile Vanylven kommune 27.04. Vi er dermed i gong med Helseplattformen i heile Helse og omsorg. Vanylven kommune er også først i Norge til å ta i bruk heile Helseplattformen, som ein nasjonal pilot.

Innføringa til no har gått som forventa og tilbakemeldingane frå tilsette er gode. Det har kome enkelte innrapporteringar til no, som teamet et i gong med å løyse.

No etter Go-Live er fullført er vi inne i kommandosenterperioda. Dette går ut på at vi har sett av ekstra ressursar som følger opp innmeldingar på drift og får ekstra oppfølging av Helseplattformen sentralt no i oppstartfasen.

Fokuset framover ligg på å sikre god oppfølging av tilsette som nyttar Helseplattformen for å sikre rett bruk av systemet.



“Dei eg har snakka med etter GoLive har vore positive og kanskje litt overraska over at det faktisk har gått såpass bra”



Eg jobbar som sjukepleiar både på legesenter og i heimebasert omsorg, og har blant anna ansvar for eksempel sårbehandling, medisinering og medisinlister for mange av innbyggjarane i kommunen. Derfor er eg veldig glad for at Vanylven har hatt pilotprosjekt på Helseplattformen for legesenter og legevakt, og har sett fram til at både resten av kommunen og sjukehusa også skulle koble seg på no 27.04.24. No har vi kome eitt steg nærmare målet "Ein innbyggar - Ein journal", og etter mi mening er Helseplattformen eit system som betrar pasienttryggheta og samhandlinga mellom primær og sekundærhelsetenesta i Vanylven og sjukehusa som har teke i bruk systemet. Det er spennande at Vanylven er dei aller første til å ta i bruk systemet i alle ledd.

Navn:

Renate Nordal

Stilling:

Sjukepleiar på legesenteret
og i heimebasert omsorg

Rolle i innføring av HP:


Gevinst- og
rapporteringsansvarleg

Det er bratt læringskurve for dei ansatt i helsevesenet i Vanylven, og eg veit det har vore tøft for enkelte med så mykje nytt. Ingenting kjem av seg sjølv. Men eg har inntrykk av at mange er positive til nytt system sjølv om det har vore hektiske tider med opplæring og innføring. Dei eg har snakka med etter GoLive har vore positive og kanskje litt overraska over at det faktisk har gått bra, og at systemet sine ulike modular "snakkar ilag".

Alle er no på same system, og får opp den same medisinlista, og anna viktig førstehandsinformasjon ein treng tilgang til utan å måtte bruke tid på å ringe og sende meldingar til eks fastleggar og sjukehus. Det tek nok litt tid før vi har kome skikkelig i gang og ser ringvirkningane, men eg er positiv til utviklinga og tenker at samhandlinga berre kan bli betre i forhold til tidligare system.



Overordna plan for innføring




Go Live




Oversikt fristar



Antall fristar per veke



Antall fristar per månad



Arbeidspakkar med frist i mai

Delaktiviteter	March		April			May				June	
	24	31	07	14	21	28	05	12	19	26	02
Produksjonsverifisering Emeldinger								10.05.2024			
Gjennomføring av manuell konvertering								15.05.2024			
Program for pasientsikker arbeidsflyt								22.05.2024			

Arbeidspakkar med frist i juni og juli

Delaktiviteter	AP	April		May				June				July			
		21	28	05	12	19	26	02	09	16	23	30	07	14	
Samstemming av journalinformasjon	50								15.06.2024						
Planlegge endring - Gevinst	95											01.07.2024			



Folka i spissen: Paul Sindre Vedeld

At Helseplattformen er innført i heile Helse og omsorg i Vanylven kommune er ein milepel og ein siger for heile kommunen. Det at Vanylven er første og einaste kommune i landet med totalpakka av Helseplattformen som ein nasjonal pilot er også noko vi kan vere stolte av.

Som ordførar er eg stolt av å kunne leie ei føregangskommune innan digital utvikling, som Helseplattformen. Vi har heile tida visst at det er knytt risiko til innføringa, men våre kompetente leiatarar, instruktørar og superbrukarar har leia innføringa på ein trygg og god måte, slik at vi er klare for alt som skulle møte oss av utfordringar framover.

Eg vil rette ei stor takksemd til alle involverte i innføringa av Helseplattformen. Utan dykk hadde vi ikkje vore der vi er i dag. No ser eg fram til å sjå resultata av arbeidet og korleis kvaliteten i Helse og omsorg vil auke i tida framover.